

---

**Emne:** Innspel til forslaget om redusert SFO-tilbod

**Kopi:** Bent Arild Grytten <Bent.Arild.Grytten@hareid.kommune.no>, Helge Hamre <helge.hamre@hareid.kommune.no>

**Til:** Bernt Brandal <bernt.brandal@hareid.kommune.no>, Oskar Grimstad <oskar.grimstad@hareid.kommune.no>, Annika Hove <annika.hove@hareid.kommune.no>, Einar Jarle Måseide <einar.jarle.maseide@hareid.kommune.no>, ivar.liaset@morenett.no, Kjetil Nesset <kjetil.nesset@hareid.kommune.no>, Kristian Fuglseth <Kristian.Fuglseth@hareid.kommune.no>, Kristine Utgård Rolfsrud <kristine.utgard.rolfssrud@hareid.kommune.no>, Pravin Selva <pravin.selva@hareid.kommune.no>, Ranja Dimmen Alme <ranja.dimmen.alme@hareid.kommune.no>, Thor Ove Rekdal Nedrelid <thor.ove.rekdal.nedrelid@hareid.kommune.no>, Øyvind Grimstad Gryt <Oyvind.grimstad.gryt@hareid.kommune.no>, Kai-Runar Svarstad <kai-runar.svarstad@hareid.kommune.no>, Torill Oda Ringstad <torill.oda.ringstad@hareid.kommune.no>, Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>, Endre Hammervold <endre.hammervold@hareid.kommune.no>, Jeanette Teigene <jeanette.teigene@hareid.kommune.no>, Ole Frank Bakken <ole.frank.bakken@hareid.kommune.no>, Robert Flø <Robert.Flo@hareid.kommune.no>, Ståle Liavåg <stale.liavag@hareid.kommune.no>, Øyvind Grimstad <Oyvind.grimstad@hareid.kommune.no>, Annika Brandal <annika.brandal@hareid.kommune.no>

**Sendt:** 24.11.2024 23.15.18

**Fra:** Inger Smidesang Holstad <ingerholstad85@hotmail.com>

#### **Innspel til forslaget om reduserte opningstider på SFO og feriestengt SFO**

Vi viser til budsjettforslaget som kommunedirektøren har lagt fram om reduksjon i SFO-tilboden, herunder reduksjon i opningstida med 1,5 time (frå 7:00-16:30 til 7.30-15:30) og feriestengt SFO. Vi viser også til innspel vi tidlegare har sendt til kommunen både i desember i fjor og juni i år i samband med forslag om redusert SFO-tilbod, med argument MOT å vedta eit slikt redusert tilbod (sjå nedst i denne e-posten).

Vi forstår sjølvsagt at kommunen er i ein situasjon der ein må gjere vanskelege prioriteringar, og no er det viktigare enn nokon gong å gjere berekraftige prioriteringar for kommunen. Vi siktar då spesielt til at det er borna som er framtida til Hareid kommune, både no på kort sikt mens dei framleis er små, men også på lang sikt når dagens born blir vaksne.

Dersom kommunen vedtek det foreslårte reduserte SFO-tilboden så er det svært sannsynleg at personar som skal velje kvar på øya dei skal busetje seg, ikkje ser det mogleg å busette seg i Hareid kommune. Å redusere opningstida til 15:30 og halde stengt i alle skuleferiane vil medføre

store vanskar for småbarnsfamiliar (ref. tidlegare innspel frå oss). Ein treng ikkje å sjå lenger enn til Ulstein kommune for å få kvardagskabalen til å gå opp. Det framgår av heimesida til Ulstein kommune at dei har SFO med opningstid mellom 7 og 17, i tillegg til at dei har ope haust- og vinterferie + tre av sommarferievekene.

Mistar ein småbarnsfamiliane, så mistar ein borna. Borna som skal fylle opp barnehagane, skulane, og når dei blir vaksne – dei som skal fylle arbeidsplassane i kommunen – dei som skal bli framtidas lærarar i kommunen, tilsette på sjukeheimane, fylle opp bedriftene – lista er lang. Vi mistar framtidas hareidsdølingar, som vi så sårt treng både på kort og lang sikt.

I budsjettforslaget er det lagt inn ei oversikt over tal på fødde barn i kommunen frå 2019 til 2024, som viser at barnetalet dei siste åra har gått ned. I 2019 var barnetalet på 70 born, mens i 2022 er talet på det sjokkerande låge talet 36, og status på fødde i kommunen for 2024 er i følgje budsjettforslaget på 35. Dette er lågare enn det som er vanleg storleik på eitt trinn på berre Hareid skule åleine. Om slike låge fødetal held fram, seier det seg sjølv at det får store ringverknadar i kommunen.

Dersom ein har eit ønskje om å behalde alle skulekrinsane i kommunen som er per i dag, så må ein ha barn å fylle dei opp med. Så enkelt er det. Og dersom ein ikkje har barn, så forsvinn ein skulekrins etter den andre. Det same med barnehagane. Det same med arbeidsplassane til dei tilsette. Det same med skatteinntektene til kommunen, med tanke på småbarnsfamiliane som ikkje vil busetje seg i kommunen som følgje av eit SFO-tilbod som ikkje dekker foreldra sine arbeidstider.

Det er derfor særdeles viktig å behalde eit SFO-tilbod som dekker borna og foreldra sine behov, slik at vi både beheld og tileignar oss fleire småbarnsfamiliar. Slik at vi forhåpentlegvis stabiliserer eller aukar barnetalet – ikkje reduserer barnetalet ytterlegare. Det føreslatté reduserte SFO-tilbod vil altså vere eit svært lite berekraftig val for kommunen, då det vil gjere Hareid til ei lite attraktiv bu-kommune, og det vil etter mi mening vere å «spare seg til fant».

Som nemnt, har vi sendt innspel både i desember og juni når det gjeld forslaga om å redusere opningstidene på SFO og feriestengt SFO. Likevel har det i påfølgande forslag frå kommunen tilsynelatande vore klipp og lim frå førre runde når det gjeld argument for og imot ein slik reduksjon i tilboden. Når det no har kome eit nytt budsjettforslag har ingen av dei vesentleg argumenta MOT å vedta eit slikt redusert tilbod, som vi har tidlegare har synleggjort, blitt nemnt med eit einaste ord. Dette er vi kritiske til. Kommunedirektøren framhevar at redusert

SFO-tilbod medfører større vaksentettheit, menunnlet å nemne at det er negativt for 5-åringar å gå til og frå skule åleine, på potensielt mørke og lange skulevegar, og å vere heime åleine – både på kvardagane, men også i skuleferiane. Det er ikkje alle som har besteforeldre eller andre omsorgspersonar å støtte seg på. Om politikarane kjenner seg usikre på, eller treng ei oppfrisking av kor store, små, eller sjølvhjelpe 5-åringar eigentleg er, så vil nok ei føreskuleavdeling i ein av barnehagane som husar neste års 1.klassingar, ta dykk imot.

Når ein skal ta stilling til eit slikt redusert tilbod er det viktig at alle vesentlege sider er opplyst. Vi håper derfor at alle i kommunestyret tek seg tida til å lese opp igjen det vi har sendt inn tidlegare av argument MOT å redusere SFO-tilboden i kommunen. Dette finn de i nedst i denne e-posten.

Vi vil avslutte med at det treng ikkje å vere «alt eller ingenting» - det finnast nyansar. Ein MÅ ikkje velje både «pest OG kolera» – ein kan lande på å behalde opningstidene, men feriestenge SFO (eller omvendt). Og det MÅ ikkje vere slik at enten reduserast SFO tilboden til 15:30, eller så reduserast det ikkje i det heile tatt. Dersom kommunestyret ikkje ser vegen utanom reduksjon i opningstida – kva med å gå for eit hakket mindre kritisk alternativ, og halde ope til 16:00? Eller behalde dagens SFO-tilbod for 1. klassingane, som det er aller mest kritisk for, og redusere tilboden for dei eldre elevane – som i litt større grad tåler «å gå på laust»? Og å halde oppe i alle fall nokre av ferievekene – dei vekene det ikkje er til dømes fotballskule eller andre aktivitetar barna kan melde seg på? I Ulstein kommune tilbyr dei til dømes ikkje SFO i samband med juleferien og påskeferien – dette gjer Hareid kommune per i dag. Kva med å starte ein eventuell reduksjon der ein legg seg på same linje som nabokommunen når det gjeld kva ferieveker ein skal halde stengt? Det er finnast altså alternativ til kommunedirektøren sitt forslag, som framleis kan vere kostnadssparande, men samtidig ikkje like kritiske.

Til sist vil vi minne om at kommunen arbeider aktivt for å vere ein attraktiv bukommune. Representantar frå kommunen, blant anna ordføraren, deltok nettopp på Bli med hit-messa i Trondheim der formålet er å freiste folk til å flytte til kommunen vår. På neste års messe vil ein risikere at dei som ruslar rundt på messeområdet kjapt går vidare til neste stand i den augneblinken Hareid kommune må «reklamere» med at den ikkje tilbyr SFO som dekker folk flest si vanlege arbeidstid og/eller at dei har 12 veker feriestengt SFO.

Med vennleg helsing

Inger Smidesang Holstad og Trond Jarnes

(og også truleg helsing svært mange andre noverande og komande småbarnsfamiliar i kommunen)

**E-post sendt til kommunestyret i juni i år:**

Hei

Viser til forslaget om å redusere tilbodet til skolefritidsordninga (SFO) i Hareid kommune, herunder feriestengt SFO, reduserte opningstider og/eller nedlegging av SFO:

<https://www.hareid.kommune.no/aktuelt/feriestengt-sfo-og-nye-opningstider.177084.aspx> Eg viser også til innspel eg sendte til kommunen og direkte til Bernt Brandal den 5. desember 2023 i samband med den førre runda dette temaet var oppe til vurdering i kommunen, som er teksta markert i grønt nedst i denne e-posten.

Eg forstår at kommunen er i ein krevjande økonomisk situasjon, og må gjere vanskelege prioriteringar. Men å kutte i SFO-tilbodet på den måten som er foreslått, vil vere ei svært därleg avgjerd for alle småbarnsfamiliane, noverande og eventuelle komande, i kommunen. For den som ikkje er småbarnsforelder sjølv, forstår eg at det kan vere utfordrande å gjere seg kjent med detaljane i kor kritisk eit slikt forslag er. Dette er ein av årsakane til at eg sender denne e-posten - for å setje lys på kva konsekvensar det vil medføre og utfordringar som det ikkje finnast ei realistisk løysing på.

I samband med at kommunestyret skal behandle dette forslaget 20. juni sender eg over ytterlegare innspel til politikarane i kommunestyret, med argument mot å vedta eit redusert SFO-tilbod.

**Innspel til dei foreslalte reduserte opningstidene – truleg i strid med opplæringslova § 13-7**

Eg har vore i kontakt med Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når det gjeld tolkinga av regelverket for SFO, nærmare bestemt spørsmålet om opningstider. I opplæringslova § 13-7 er det krav om at «*communen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn*». Dersom ein skal ta ordlyden på ordet oppfyller altså kommunen dette kravet ved å tilby SFO i fem minutt før skulestart på morgonen, og fem minutt med SFO etter skuleslutt. Men alle forstår at dette ikkje vil vere i samsvar med regelverket og kravet om å tilby SFO før og etter skuletid. Så då blir spørsmålet – kvar går skjæringspunktet for kva tid SFO-opningstidene oppfyller kravet i regelverket?

Dessverre er SFO-regelverket lite detaljert og minimumskravet til opningstidene er ikkje omtala i sjølve lovteksten. I denne samanheng er det derfor relevant å sjå henn formålet med SFO-ordninga og til Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om regelverket for SFO:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/Opptaksriterier-opptaksperiode-og-oppsigelse-av->

skolefritidspllassen/ På denne sida står det at «*Plikten [til å ha skolefritidsordning] gjelder også bare før og etter skoletid, og omfatter ikke lignende ordninger midt i skoledagen. Kommunens forpliktelse rekker ikke lenger enn etterspørseren. Dersom ingen for eksempel ønsker skolefritidsordning før skoletid, kan kommunen begrense tilbuddet til etter skoletid».*

Denne rettleiinga om regelverket uttalar altså at kommunen er forplikta å ha eit tilbod som dekker etterspørseren. Ein kan i så fall konkludere med at dei foreslalte reduserte opningstidene er i strid med opplæringslova § 13-7, sidan dei heilt klart ikkje dekker normale arbeidstider, og dermed ikkje dekker etterspørseren. Formålet og intensjonen med SFO er å sikre at born har ein trygg plass å vere, under oppsyn av vaksne, mens foreldra er på jobb. Grunnen til at foreldre nyttar SFO er ikkje fordi vi ønskjer at dei skal vere på SFO for å ha det kjekt. Det er sjølv sagt kjempeviktig at dei har det godt og kjekt på SFO, men grunnen til at SFO blir nytta er nettopp fordi dei skal ha ein trygg plass å vere mens foreldra er på jobb.

[...]

### Innspel til feriestengt SFO

Eg gjer merksam om at ungane har 12 ferieveker i løpet av eit år, mens ein arbeidstakar normalt har 5 veker per år. Som tidlegare nemnt (grøn tekst), vil feriestengt SFO eksempelvis kunne resultere i at 5-åringar sit heime åleine to veker i august før skulestart (ungane har berre barnehageplass ut juli det året dei skal starte på skule), og ei heil veke i haustferien. Meiner politikarane at dette er ei forsvarleg ordning? Eg gjer merksam om at dette også vil medføre at foreldre som ikkje har besteforeldre eller liknande å støtte seg på, mest sannsynleg vil måtte spreie sommarferien sin utover 8 veker, slik at foreldra tek ferie på ulike tidspunkt. Eit foreldrepar vil altså ikkje kunne ta ut ferie samtidig, og familien som ei eining vil aldri ha sommarferie ilag.

### Er utrekningane gode nok?

Eg stiller også spørsmål ved om de har gjort gode nok utrekningar på dei foreslalte innsparingane. Dei følgande kulepunktene manglar i kostnadssparingane som er oppgitt i forslaget, og kommunen bør ta stilling til dette før dei vedtek eventuelle endringar i SFO-tilbodet:

- Det foreslalte reduserte SFO-tilbodet vil gjere Hareid kommune til ei svært lite attraktiv kommune å bu i for småbarnsfamiliar. Dersom reduserte opningstider blir vedtatt vil det, svært sannsynlegvis, medføre mindre tilflytting til Hareid kommune, og truleg også

fråflytting. Dette vil medføre reduserte skatteinntekter for Hareid kommune både på kort sikt og lang sikt.

- I tillegg vil foreldre, dei som har høve til (det er langt frå alle), måtte arbeide i redusert stilling for å kunne avslutte arbeidsdagen tidleg for å hente ungane på SFO. Dette vil også medførte reduserte skatteinntekter for kommunen
- Kommunen skriv om konsekvensar at enkelte born med store hjelpebehov må søkje om avlastning gjennom sektor for velferd, noko som vil medføre at sektor for velferd får høgare utgifter. Det er ikkje slik at dersom ein skyv kostnadane over på ein anna sektor, så blir dei borte. Desse kostnadane må derfor takast inn i utrekningane av kva ein sparer på å redusere SFO-tilbodet.
- Eg er kjent med at overføringane frå staten som skal gå til å dekke gratis SFO ikkje er øyremerka SFO. Framfor å fokusere på at skuleverket og SFO har raude tal i budsjettet, bør kommunen sikre at SFO-midlane frå staten går til SFO, framfor å redusere eit svært viktig tilbod.

### **Alternative sparetiltak**

- Statsforvaltaren opplyste også at kommunen, utover dei 12 gratistimane, står fritt til å sjølv fastsetje prisen for 24-timersplass. Sånn eg forstod Statsforvaltaren er det altså mogleg å ta meir betalt for ein 24-timersplass enn det kommunen gjer per i dag. Dette alternativet bør kommunen undersøkje nærmare før vedtak blir fatta i saka. Sjølv om det ikkje er ideelt, trur eg folk flest vil vere interesserte i å betale litt ekstra for å behalde dagens SFO-tilbod, framfor å få eit SFO-tilbod som ikkje fungerer.
- Eit anna sparetiltak er å be foreldre til å melde inn nøyaktig tidsrom barnet skal vere på SFO kvar dag, slik at bemanninga kan setjast etter det reelle tal på ungar som er på SFO. Då vil ein truleg kunne spare lønskostnadar ved at ein kan redusere tal på tilsette som er på jobb til dømes siste timen før SFO stenger.

### **Innspel til budsjettforslaget sendt 5. desember 2023:**

Vi viser til budsjettforslaget der det er forslag om redusert opningstid og feriestengt skulefritidsordning (SFO). Det er foreslått at opningstida på SFO reduserast frå kl. 7:00-16:30 til kl. 7:30-15:30, i tillegg til at SFO skal halde stengt i alle skuleferiane.

I forslaget er det fleire sentrale argument mot ein slik reduksjon i SFO-tilbodet som ikkje er nemnt. Det er blant anna berre vist til at det vil bli vanskelegare for føresette å få kvardagane til «å gå opp» i samband med skuleferiar, men det er ikkje nemnt noko om at det vil bli vanskelegare for føresette å få kvardagane i skuleåret til å gå opp. Konsekvensane det kan få for

borna er heller ikkje nemnt. For å sikre at forslaget blir betre opplyst, kjem derfor ei påminning om andre sentrale argument MOT dette budsjettforslaget:

For yrkesaktive føresette er det svært vanleg å ha ei arbeidstid som startar enten før 7:30 eller sluttar etter 15:30. Dersom ein skal hente på SFO før 15:30 må ein anslagsvis avslutte arbeidsdagen kl. 15 dersom ein arbeider på Hareid, tidlegare dersom ein arbeider i andre kommunar og har lengre reiseveg. Då går ikkje kvardagskabalen opp dersom Hareid kommune innfører dei reduserte opningstidene. I opplæringslova § 13-7 om skulefritidsordninga er det eit krav om at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning «før og etter skoletid». Ein kan stille seg spørsmålet om det er i samsvar med intensjonen bak regelverket å ha eit SFO-tilbod som ikkje dekkjer normal arbeidstid til dei føresette.

Så då spør vi – kva meiner Hareid kommune at foreldre og born skal gjere dersom dei reduserte opningstidene og feriestengt SFO blir innført?

- Meiner Hareid kommune at borna, potensielt sett 5 år, skal gå heim frå SFO åleine og vere heime åleine fram til dei føresette kjem heim frå jobb? Dei yngste borna som går på SFO er 5 år, der nokre av dei ikkje fyller 6 år før desember det året dei går i 1. klasse. Born på denne alderen er, etter folk flest si oppfatning, ikkje gamle nok til å gå heim frå SFO åleine eller å vere heime åleine. Nokre av borna har relativt lang skuleveg og er ikkje vande med å skulle gå utan ein voksen. I tillegg kan det vere midt på vinteren og mørke vegstrekningar. Det er heller ikkje alle 5-åringar som er vande med eller tør å vere heime åleine. For ikkje å nemne skuleferiane, og då særleg haustferien for 1. klassingane – meiner Hareid kommune at det er forsvarleg at det er risiko for at 5-åringar skal sitje heime åleine ei heil veke mens foreldra er på jobb? Dette kan vere konsekvensen dersom Hareid kommune innfører feriestengt SFO.
- Meiner Hareid kommune at alle har besteforeldre eller tilsvarande omsorgspersonar å støtte seg på og at desse skal hente borna på SFO kvar dag? Det er ikkje alle som har besteforeldre eller tilsvarande personar å støtte seg på, og dei færreste besteforeldre vil kunne hente borneborna på SFO kvar vekedag.
- Eller meiner Hareid kommune at foreldre skal gå ned i stilling i yrket sitt sånn at dei skal kunne gå tidleg frå jobb for å hente på SFO? Ein skulle tvert om tru at Hareid kommune har eit ønskje om at foreldra skal vere yrkesaktive og vere bidragsytarar i samfunnet i så stor grad som mogleg. Ein må også hugse at det truleg er få som har høve til eller ønskjer å gå ned i stilling, spesielt no som vi er inne i ei tid med høge utgifter i samfunnet.
- Og kva meiner Hareid kommune at dei føresette som pendlar skal gjere ved redusert opningstid: føresette som pendlar til til dømes Ålesund, kjem i land på Hareid med hurtigbåten 15.55 og inn dørene på SFO kl. 16 for å hente – kva skal dei gjere dersom SFO stenger kl 15:30? Vi minner i denne samanheng om at dersom ein skal ta ein

tidlegare hurtigbåt frå Ålesund enn 15:30, så går denne 13:50 frå Ålesund - det seier seg sjølv at ein ikkje kan avslutte arbeidsdagen 13:30 kvar dag.

Det er også grunn til å minne om at under pandemien heldt barnehage og skule/SFO ope slik at føresette som hadde samfunnskritiske stillingar kunne gå på jobb. Det foreslårte reduserte tilbodet vil gjere det utfordrande for føresette med samfunnskritiske stillingar å utøve yrket i den grad det er behov for i samfunnet – til dømes i helsesektoren. Kva tenkjer Hareid kommune om dette?

I forslaget er det argumentert med at det reduserte tilbodet kan hindre sjukemeldingar. Vi vil legge til at med mindre det er dokumentert at redusert opningstid kan hindre sjukemeldingar bør ein heller ikkje vektlegge dette i vurderinga av om opningstidene på SFO skal reduserast.

Og sist, men ikkje minst: eit slikt redusert SFO-tilbod vil gjere Hareid kommune til ei mindre attraktiv bu-kommune. For småbarnsfamiliar som vurderer kvar dei skal busetje seg vil eit slikt redusert SFO-tilbod truleg kunne gjere at dei vel å busetje seg i ei anna kommune enn Hareid kommune. For det å få kvardagskabalen til å gå opp er trass alt ein svært viktig og sentral faktor for folk flest.

Vi oppmodar Hareid kommune om å ta ein grundig gjennomgang av desse spørsmåla og innspela før dei tek stilling til forslaget om å redusere SFO-tilbodet.